Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Åseral

Emne: Beit og Brom Bygdelag: Logndalen

Oppskr. av: Gunhild Å. Smeland Gard: Smeland

(adresse): Åseral G.nr. 25 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Me hev nytta både beit og brom.
Då folk slutta med geite hald
for ein 25-30 år sidan, vart
det slutt med å ha heim beit,
men brom vert nytta enno
Til beit var det furekvistar
bjørk og einer, til brom bjørk.
2. Å broma. Henta heim beit.
Ikkje nokon sers slede til det
3. Heile vinteren kunde hentast
beit. Det var vanleg at ein
tok heim vinterveden med kvista-
ne på; men no er det slutt
med det.
Brom hentast tidleg um våren.
4. Til å henta beit var brukt øks, til
brom ein vanleg sigd.
5. Geitene var slept ut på tunet
og åt i beitekosten. Sauene fekk
det inne.
Enno er det mange som brukar
å kasta inn store kjeppar av
rain, osp og furu til sauene

2584

og dei skjer del av sjölv
Kjøme for born.
6. Beitekosten låg antan bak um
stova eller att med løa.
Det var vanleg å sleppa guten
ut, so dei kunde gnaga sjölv.
7. Dei gamle kjenner ikkje til
den skikken

2584

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Her i Åseral meiner me kvistar
av bjørk med knuppar på.
Når dei kom heim or skogen med
bjørke-ved med kvistane på sa ein
" Der var mykje og fint brom på."
Det sa ein ikkje når dei kom
heim med vaun som skulde vera
til skov-ved, endå um dei finaste
kvistane der og heiter brom.

6-1-1955

Gunhild Å. Sueland
Åseral
Vest Agder

2584